



Adresseliste

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
21 SEPT 2017	
Ark. saksnr. 14/6901	Løpenr.
Saksh.	Tilgangskode

## Innkalling til møte i Indre Sogn vassområdeutval og Ytre Sogn vassområdeutval 3.oktober 2017

Vi viser til innkalling til møte i Sogn og Fjordane vassregionutval datert 18.august 2017. Ein av programpostane 3.oktober er val av nye leiarar for Indre Sogn vassområdeutval og Ytre Sogn vassområdeutval.

Vassområdeutvala har tidlegare vore politisk leia av vertskommunen der prosjektleiarane for vassområda var tilsett, dvs. Aurland kommune og Høyanger kommune leia høvesvis Indre Sogn vassområdeutval og Ytre Sogn vassområdeutval.

Prosjektleiarane for vassområda er frå 2015 tilsett hjå fylkeskommunen, dvs. at vi ikkje lenger har ein vertskommune for vassområda. Vi har no behov for å velje ein leiar for kvart av vassområda Indre Sogn og Ytre Sogn. Valet vil skje i samband med møtet i Sogn og Fjordane vassregionutval der m.a. alle kommunane i vassregionen sit. Vi kallar av den grunn politisk valde inn til val av leiarar for vassområda i Sogn **3.oktober på Scandic Sunnfjord hotell i Førde kl. 17.30**. Anders Ryssdal vil leie denne delen.

### Om vassområdeutval

Kommunane er i vassområdeutvalet representert med ein politisk representant frå kommunen og ein administrativ bisitjar. Regionale statlege etatar er invitert inn i vassområdeutvalet og deltek etter relevans og behov for statlege regionale etatar.

Kommunar i Ytre Sogn vassområdeutval: **Hyllestad**, Leikanger, Aurland, Førde, Sogndal, Gaular, Fjaler, Balestrand, **Solund, Gulen, Høyanger, Vik** og **Askvoll**, Austrheim, Lindås, Masfjorden, Modalen, Voss.

Kommunar i Indre Sogn vassområdeutval: **Leikanger, Aurland, Førde, Sogndal, Årdal**, Balestrand, Jølster, Stryn, Vik, **Lærdal, Luster**, Hemsedal, Hol, Ål, Ulvik, Vaksdal, Voss, Lom, Skjåk, Vang.

Kommunar med utheva skrift har hovudtyngda av sitt areal i Indre Sogn vassområde eller Ytre Sogn vassområde. Nokre kommunar har berre noko av arealet sitt i desse to vassområde, medan dei har størstedelen av arealet sitt i andre vassområder.

Vassområdeutvala skal vere ein samarbeidsarena mellom kommunane i vassområdet og aktuelle regionale etatar. Vassområdeutvala har ein viktig rolle for gjennomføring av Regional plan for vassforvaltning spesielt for tiltak som krev samordning og samarbeid. Vassområdeutvala vil ha ein viktig rolle når vi tek til med å revidere den regionale planen for vassforvaltning. To av plandokumenta skal reviderast i 2018; planprogram og dokumentet Vesentlege vassforvaltningsspørsmål som set søkjelyset på dei viktigaste utfordringane for vassmiljøet i vassområda og i vassregionen.

Christian E. Pettersen har stillinga som koordinator for Indre Sogn vassområde og Ytre Sogn vassområdet. Han har vore i permisjon sidan mars. Vi har tilsett Susan Solbrå. Ho vil ha ansvaret for desse områda fram til Christian Pettersen er tilbake. Ho er tilsett hos fylkeskommunen ut 2019 og vil jobbe med problemstillingar knytt til vassområda og vassregionen.

**Påmelding**

Meld deg på møtet i Sogn og Fjordane vassregionutval 3-4.oktober 2017 på <http://www.vannportalen.no/vannregioner/sogn--og-fjordane/arrangement/mote-i-sogn-og-fjordane-vassregionutval/>. Her finn du og program for samlinga. **Påmeldingsfrist er 25. september.** Sogn og Fjordane fylkeskommune betaler kost og losji for deltakarane på Scandic Sunnfjord hotell.

Med helsing

Endre Høgalmen  
assisterande fylkesdirektør for nærig og kultur

Merete Farstad  
seniorrådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

**Mottakar (ar)**

Aurland kommune Vangen 1 5745 AURLAND  
 Balestrand kommune Kong Beles veg 20 Rådhuset 6899 BALESTRAND  
 Gulen kommune Eivindvikvegen 1119 5966 EIVINDVIK  
 Hyllestad kommune Kommunehuset 6957 HYLLESTAD  
 Høyanger kommune August Gunnarskogs gt. 1 6993 HØYANGER  
 Leikanger kommune Skrivarvegen 7 6863 LEIKANGER  
 Luster kommune Rådhuset 6868 GAUPNE  
 Lærdal kommune Postboks 83 6886 LÆRDAL  
 Sogndal Kommune Postboks 153 6856 SOGNDAL  
 Solund kommune 6924 HARDBAKKE  
 Vik kommune Postboks 134 6891 VIK I SOGN  
 Årdal kommune Statsråd Evensensveg 4 6885 ÅRDALSTANGEN  
 Hemsedal kommune Kommunehuset 3560 HEMSEDAL  
 Hol kommune Ålmannvegen 8 3576 HOL  
 Ål kommune Torge 1 3570 ÅL  
 Austrheim kommune Kommunehuset 5943 AUSTRHEIM  
 Ulvik kommune Skeiesvegen 3 5730 ULVIK  
 Vaksdal kommune Konsul Jepsens gate 16 5722 DALEKVAM  
 Voss kommune Postboks 145 5701 VOSS  
 Lom kommune Midtgard 2686 LOM  
 Skjåk kommune 2690 SKJÅK  
 Vang kommune Lindalen 2975 VANG I VALDRES  
 Lindås kommune Kvernhusmyrane 20 5914 ISDALSTØ  
 Masfjorden kommune Kommunehuset 5981 MASFJORDNES  
 Modalen kommune Postboks 44 5729 MODALEN  
 Førde kommune Postboks 338 6802 FØRDE  
 Gaular kommune Vadheimsvegen 15 6973 SANDE I SUNNFJORD  
 Fjaler kommune Postboks 54 6961 DALE I SUNNFJORD  
 Askvoll kommune Postboks 174 6988 ASKVOLL  
 Jølster kommune 6843 SKEI I JØLSTER  
 Stryn kommune Tonningsgata 4 6783 STRYN